

Julekonkurranse: Kven er dette?(9)

26.12.2015



Då er vi komne til den avsluttande runden i julekonkurransen vår. Det har vore veldig kjekt å følgja med på den store interessa som lesarane har vist. Eg er også imponert over kor flinke de har vore til å løysa

**oppgåvane. Eg hadde garantert hamna godt nedpå lista. Konkurransen er uhyre jamn og knallhard så det gjeld å stå på til siste slutt.**

**Dagens vers:**

Denne karen er dansegalen,  
er elles opptatt av kommunen og smalen,  
I fotball var han ofte back  
som sprang i angrep kjapp og frekk.

Framlegg til kven denne forhistoriske turskiløparen er, kan sendast som epost til [thordossland@gmail.com](mailto:thordossland@gmail.com) eller sms til 932 88 237. Svarfristen er 31.12. kl.23.59.

Gårdagens oppgåve klarte dei fleste. Det var berre ein usikker som bikka innom Jan Gjertsen. Men det er tydeleg at det vert jobba godt. Ein innsendar hadde t.d. søkt hjelp i 100 års-boka til Uskedal ungdomslag. Bjørgulf sin smidige dansepartnar var tidlegare formann i ungdomslaget, **Ivar Åge Haugland**.

Løysinga på den siste oppgåva vert gjort kjent i løpet av 1.nyttårsdag. Då vil ein også få poengstillinga blant dei beste og flittigaste. 2. nyttårsdag vert så vinnaren av årets julekonkurranse trekt ut av leiar i Uskedal Utvikling, Kristian O. Bringedal. Resultatet vert gjort kjent umiddelbart etter premieoverrekkinga.

**Eit riktig godt nytt år til alle!**

Tekst og nett: Thor Inge Døssland